



Norsk studentorganisasjon

Holbergs gate 1 / 0166
Oslo
T: 22 04 49 70
E: nso@student.no
W: www.student.no

Høringsuttalelse

Høyring - Ny, heilskapleg språklov

Dato: 18.10.2019

Norsk studentorganisasjon (NSO) ønsker å takke Kulturdepartementet (KD) for moglegheita til å komme med eit høyringssvar til den nye heilskaplege mållova. NSO har ingen direkte kommentarar til det framlagte forslaget til mållova og rosar arbeidet som er blitt gjort.

I høyringsbrevet blir det konkret spurt om to ulike forslag på verkeområde lova skal ha vedbørene om å innlemme fylkeskommunane i verkeområdet for dei pliktreglane i mållova som i dag berre gjeld statsorgan eller å vidareføre dagens gjeldande rett med egne språkvedtak i fylkeskommunane. Til dette har NSO ingen merknad da dette er utanfor vårt interesseområde.

Utover dette høyringsinnspelet ønsker NSO å trekke frem våre prioriteringar for eit rikt, norsk fagspråk. NSO meiner at:

- Alle statlege utdanningsinstitusjonar må sende rapport om målbruk til Språkrådet innan ein gitt frist, og ha konkrete tiltak for å oppfylle krava i mållova.
- Statsråden må sende tydelege signal til institusjonane om at dei må følgje alle lovar og reglar som gjeld for dei.
- Det må vere nok søkbare midlar til faggrupper som vil bidra med materiale til Språkrådets termwiki¹ - særleg på nye område, både på bokmål og nynorsk.
- Leiarar ved institusjonane må oppmode dei vitskapleg tilsette til å vedlikehalde og utvikle norsk fagspråk.
- Det bør opprettast eit nasjonalt senter for norsk som språk og fagspråk.

¹ <http://termwiki.sprakradet.no/wiki/Hovedside>